

Utval:	Forskningsutvalet	Dato:
FU-sak:	35/20	Arkivsaknr.:2020/5087
Møtedato:	04.11.2020	

Revisjon av Forskrift for graden doctor philosophiae (dr.philos.) ved Universitetet i Bergen

1 Innleiing

Forskrift for graden doctor philosophiae (dr.philos.) ved Universitetet i Bergen vart fastsett av styret i 2011. Etter ynskje frå fakulteta, har Forsknings- og innovasjonsavdelinga (FIA) gått grundig gjennom forskrifta med målsetjing om revisjon av denne. Spørsmålet om revisjon har vore handsama i Forskningsutvalet i sakene [12/20](#), [17/20](#) og [30/20](#).

Utkast til revidert forskrift vart sendt på høyring til fakulteta 13.05.2020 med frist til 09.09.2020. Høyringssvar vart motteke frå Det matematisk-naturvitenskaplege fakultet (MN), Det psykologiske fakultet (PSY), Det medisinske fakultet (MED), Det juridiske fakultet (JUS) og Det humanistiske fakultet (HF).

Basert på høyringssvara, vart utkastet revidert og lagt fram for Forskningsutvalet i sak [30/20](#), 07.10.2020. Forskningsutvalet var positive til utkastet til ny forskrift. Samtidig vart det uttrykt eit behov for visse endringar i forskrifta før utvalet kan anbefale at saka blir fremja for Universitetsstyret. Forskningsutvalet bad difor om at det vart lagt fram ein ytterlegare revidert versjon til det påfølgjande møtet.

2 Merknadar til dei enkelte føreseggnene

Til § 2. Beskrivelse av innhold og målsetting for graden dr.philos.

Det humanistiske fakultet har uttrykt eit ynskje om at § 2 i større grad skildrar kva ein dr.philos.-grad er meint å vere

I den reviderte versjonen av dr.philos.-forskrifta som no vert fremja til drøfting i FU, held ein fast ved prinsippet om at dr.philos.-graden skal vere på same nivå som dei organiserte doktorgradane, inkludert ph.d. Dette vert i tillegg forsøkt klårgjort ved at ein foreslår å ta inn to nye avsnitt i føresegna. I § 2 andre avsnitt er det no presisert at dr.philos.-graden og dei organiserte doktorgradene begge er på nivå 8 i Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for livslang læring, med dei same vilkåra for læringsutbytte. Den overordna målsetjinga for dr.philos.-graden vert fastsett i § 2 tredje avsnitt, som bestemmer at «...dr.philos.-graden eksisterer for at personar som innehavar kunnskap, ferdigheter og generell kompetanse på doktorgradsnivå, skal få muligheten til å oppnå en doktorgradskvalifikasjon».

Til § 5-1. Krav til avhandlingen

I fjerde avsnitt er det teke inn ein regel om at fråvær av krav om godkjent opplæringsdel bør kompenserast ved at dr.philos.-avhandlinga er noko meir omfattande enn ei ph.d.-avhandling. Det humanistiske fakultet meiner at det er naudsynt å ha strengare kvalitetsskrav til ein dr.philos.-avhandling enn det som gjeld for ein ph.d. Fordi eit slikt auka kvalitetsskrav ikkje kan målast i tid, meiner fakultetet at det ikkje er tilstrekkeleg å vise til dei seks månadane det normalt tar å gjennomføre opplæringsdelen av eit organisert ph.d.-program.

Det følgjer av Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk at det ikkje kan stillast ulike kvalitetskrav til dr.philos.-graden og ph.d.-graden. Det vert difor foreslått at regelen i § 5-1 fjerde avsnitt vert ståande.

Sjølv om nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk fastset at dr.philos. og ph.d. skal vere på same kvalitetsnivå, seier kvalifikasjonsrammeverket ingenting om korleis fråvær av krav til godkjend opplæringsdel kan kompenserast. I utkastet til dr.philos.-forskrift får fakulteta fridom til sjølve å utforme retningslinjer, der dei kan definere kva vilkåret "noe mer omfattende" inneber. Fakulteta kan sjølve fastsette krav om sidetal og tal på artiklar. Ein kan òg sjå for seg at ei dr.philos.-avhandling til dømes inneber ein høgare eigeninnsats med datainnsamlinga eller har ei breiare problemstilling, utan at avhandlinga er særskilt lengre enn ei ph.d.-avhandling.

Under FU-møtet vart det elles kommentert at bruken av ordet «bør» gjer at regelen vert noko vag («Fraværet av krav til godkjent opplæringsdel tilsvarende ett semester, bør kompenseres ... »). Ved å bytte «bør» med «skal», vert regelen klårare og meir føreseieleg, til nytte for både kandidaten og vurderingskomiteen.

Til § 8. Mindre omarbeiding av innlevert avhandling

Ei av dei større endringane i den reviderte forskrifa, slik denne vart lagt fram i FU-møtet, er § 8 som opnar for mindre omarbeiding av innlevert avhandling. Det juridiske fakultet og Det humanistiske fakultet ynskjer ikkje ei slik ordning i dr.philos.-forskrifta, noko dei argumenterte for under møtet. Det medisinske fakultet understreka på si side at dei ynskjer å ha ei slik ordning i dr.philos.-forskrifta.

Føresegna om mindre omarbeiding svarar til regelen i ph.d.-forskrifta § 11-5, og endringa vart blant anna grunngjeven med at UiB sine eigne fagmiljø og opponentar vil vere vane med ei slik ordning frå ph.d.-graden. Under ein runde rundt bordet om erfaringane med mindre omarbeiding i ph.d.-programma, kom det fram at inntrykket ikkje er udelte positivt. Reglane og det forvaltningsmessige knytt til ordninga, verkar uklart for mange i vurderingskomiteen, leiinga og administrasjonen. Dette har hatt uheldige utslag i samband med enkelte vurderingsprosessar. Reint administrativt kan ordninga oppfattast som tungvint, noko som tidlegare har vorte stadfesta av fleire ph.d.-koordinatorar. På den andre sida, er det mange døme på at ordninga har fungert etter formålet – ved å bruke mindre omarbeiding har ein sleppt unna den meir dramatiske og tunge prosessen med underkjenning. Når fleire fakultet likevel trekk fram negative sider ved ordninga, er det grunn til å vente med å innføre denne til etter ei eventuell positiv evaluering basert på fleire tilfelle. Det vert dermed foreslått at ordninga med mindre omarbeiding av innlevert avhandling ikkje vert innført ved denne revisjonen av dr.philos.-forskrifta.

Det er ynskjeleg at FU drøftar mindre omarbeiding i ph.d.-programma etter at fakulteta har fått meir erfaring med ordninga.

3 Avslutning

Saka vert lagt fram i møte i Universitetsstyret 4. februar 2021, med dei innspel som kjem frå Forskningsutvalet.

Saka vert med dette lagt fram for utvalet til drøfting.